

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-144	19/844

Saknr	Utval	Type	Dato
107/2021	Formannskapet	PS	22.11.2021
060/2021	Kommunestyret	PS	02.12.2021

Styrking av fond bustadføremål

Vedlegg:

Journalposttittel

Masfjorden skal bli ein meir attraktiv kommune å busetje seg i

Dato

15.11.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune satsar på å bygge opp 20 mill.kr. i fond bustadføremål til finansiering av starta og planlagde bustadprosjekt i ulike deler av kommunen i perioden 2021-25.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Folketalsauke og tilrettelegging bustadføremål er satsingsområde i budsjett 2022 og handlingsplan- og økonomiplan 2022-25.

Bustadfelt med kommunal medfinansiering, her må vi bygge opp fond, anslag 20 mill.kr, for å ha finansiering for starta og planlagde prosjekt i perioden 2021-25. Ein del prosjekt er starta opp og vedtatt, men kommunen har ikkje finansiering på plass til alle enno, finansieringsmanko pr. november 21 utgjer 13,4 mill.kr. Å få på plass finansiering er noko som er påpeikt tidlegare frå rådmann si side, og vart tema under formannskapsmøte 18.10.21, forslag stilt frå Høgre – men endra til fellesframlegg (jf. sakstilfang) og ytterlegare fokusert og presisert i samband med budsjettmøte i formannskapet 1.11.21;

Formannskapet samla seg om følgjande innspel til arbeidet vidare:

Det er semje om følgjande prioriteringar i høve disposisjon av forventa resultat 2021:

- Budstadsfond – forskotterte avtalar
- Vedlikehaldetterslep: til større prosjekt på sjukeheim, omsorgsbustader, skule og barnehager
- Trafikksikring og vedlikehald kommunale vegar
- Barnehagar/ SFO
- Styrke brufond

Fakta

Kommunen sitt bustadsfond har ein saldo på 6,6 mill.kr. pr. november 21. Fondet vart oppretta seinhausten 2019, basert på følgjande vedtak;

Kommunestyret - 003/2020

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke. [REDACTED]

KS - vedtak:

- Det vert oppretta fond bustadføremål med ein samla kapital på 4 mill.kr. pr. 31.12.2019.
- Fondet vert tilført evt. unytta midlar av midlar sett av i kraftfondsbudsjettet kvart år til bustadføremål
- Kvart tiltak som skal ha løyving/bruk av midlar frå fond bustadføremål krev kommunestyrevedtak, med fastsetjing av økonomisk ramme og finansiering

Bustadfelt med kommunal medfinansiering, her må vi bygge opp fond, anslag 20 mill.kr, for å ha finansiering for starta og planlagde prosjekt i perioden 2021-25, kor alt vert ført over drift

Starta og vedtatte prosjekt

Einestrاند

Liarinden på Mjanger

Varleite, Kvamme

Haugsvær

Under planlegging, m.a.:

Botnaneset på Sandnes.

Ytre Haugsdal,

Risnes/Grunnevågen

fleire områder i kategorien LNF-kan, der avgrensa spreidd bustadbygging raskt kan startast opp.

Det er innarbeidd avsetjing med 5,7 mill.kr. i budsjettframlegget for 2022

Vurdering

Det er viktig å få på plass finansiering og dekning for inngåtte avtalar med utbyggjarar, med det ein har av saldo pr. dato og innarbeidd i 2022 budsjettet, så manglar ein 7,7 mill.kr. og deler av dette satsar ein å få på plass i 2021. Kostnader i 2021 går til frådrag frå opparbeiding av fond på 20 mill.kr.

Konklusjon

Restfinansiering på 7,7 mill.kr. må ha prioritet i samband med disponering av forventta overskot i kommunerekneskapen 2021 og elles i økonomiplan 2022-25.

Formannskapet - 107/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Fellesframlegg:

Masfjorden kommune satsar på å bygge opp 20 mill.kr. i fond bustadføremaal til finansiering av starta og planlagde bustadprosjekt i ulike deler av kommunen i perioden 2021-25.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune satsar på å bygge opp 20 mill.kr. i fond bustadføremaal til finansiering av starta og planlagde bustadprosjekt i ulike deler av kommunen i perioden 2021-25.

Kommunestyret - 060/2021

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune satsar på å bygge opp 20 mill.kr. i fond bustadføremaal til finansiering av starta og planlagde bustadprosjekt i ulike deler av kommunen i perioden 2021-25.